

Til Helse Vest  
adr

### Ynskje om at Voss herad skal få behalda heimelen som augelækjar i 100% stilling

Voss herad har no ein 100% stilling som augelækjar.

Rudolf Altenau har denne stillinga og driv ein praksis med ca 5000 pasientar. Pasientane kjem frå kommunane Ulvik, Eidfjord, Vaksdal og Kvam i gamle Hordaland i tillegg til Voss. Frå gamle Sogn og Fjordane kjem det pasientar både frå Aurland og Vik kommunar.

Med reiseveg som til tider kan vera utfordrande, vil det bli enda meir utfordrande dersom ein i framtida må reisa til Bergen. Mange av pasientane er eldre og når ein veit at «eldrebylgja» er på veg vert denne gruppa aukande og vil trenga meir helsehjelp i åra som kjem.

Å ha spesialisthelseteneste nær brukarane må vera god samfunnsøkonomi og det gjer det lettare for eldre å nytt tilbodet og dermed få god og relevant helsehjelp.

Rudolf Altenau ynsker å trappa ned frå 2026 før pensjonsalder om nokre år.

Vi er kjend med at det kan vera vanskeleg å rekrutera augelækjar til ein slik «enkeltmanns-praksis», men vi ber Helse Vest om å freista å finna gode løysinga slik at vi her i indre delar av fylket kan ha augelækjar også i framtida.

Rudolf Altenau har skissert ein to-lækjarpraksis, junior/senior praksis som mogelege løysingar.

Den store utbygginga av E16 og Jernbanen som er planlagt i åra framover, med kortare og tryggare reiseveg mellom Bergen og Voss kan ein to-lækjarpraksis på Voss bli meir attraktiv å søkja på og samstundes kan den avlasta bergensområdet.

### Konklusjon:

Eldrerådet i Voss herad ber Helse Vest vurdera gode løysingar for tilbode om auelækjar i indre deler av fylket og å la heimelen for augelækjar blir verande på Voss.

Med helsing  
Eldrerådet i Voss Herad